



Maria Malmsten er ein svært inspirerande dirigent. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ingenting er vel naturligere enn at Maria Malmsten dirigerer Mariamusikk på første søndag i advent.**



Maria Malmsten mellom to leiarar – Svein Rimestad (Røysterrett for Alle) og Jarle Fossheim (Rosendal Songlag) (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den energiske dirigenten for både Røysterrett for Alle og Rosendal Songkor leiar til og med ein dobbeltkonsert i Kvinnherad-kyrkja i kveldingen 30. november. Det blir eit høgdepunkt i førebuingane til jula på våre kantar. Kva er så "Mariamusikk" – eller rettare "Mariamusik" med ein k fordi dette er ei svensk tekstsamling som også blir framført på svensk denne gongen?

Det er ein fulltonande hyllest til Maria og alt som er skreve og sunge om Jesu mor. Anders Öhrvall samla og gav ut renessansemelodiane – 12 i talet - i 1974 som eit bestillingsverk til korfestivalen Nordklang..

Dei skriv seg frå Tyskland, Frankrike, England og Sverige. Sidan har dei vore framført mange gonger rundt om i Skandinavia og spesielt i Sverige og Maria har for sin del vore gjennom det halvtimelange verket to gonger. Men dette er første gongen ho dirigerer det. I Kvinnherad har det vore presentert ein gong tidlegare.

- Vi skal syngja 11 av dei 12 melodiane, som er kronologisk ordna i høve til Marias livsløp. Korsatsane er veldig fine, nokre er firestemte og nokre heilt opp i sjustemte. Verket er ikkje spesielt krevjande tonalt sett, men det er svært variert. Det inneheld rytmer som til og med fristar til dans. Det gjeld difor å vera "på hogget" heile tida, for med eitt skiftar tempo og rytme, seier Maria før ho hastar inn til fellesøving i Herøysund. Så langt har dei hatt tre fellesøvingar og eit helgeseminar.

Og det er ikkje berre song som må til. Verket er også skreve for to fløyter, cello og kontrabass og i tillegg skal ein perkusjonist i aksjon. Han eller ho er enno ikkje klar, men fløytistane er Kristine Bjørøy Hestad og Anne Guri Frøystein medan Kjell Skarsfjord skal spela cello og Stein Haugen kontrabass. Alle er frå Kvinnherad med unntak av Frøystein, som er odding.

Melodiane blir bundne saman av resitasjon på svensk og Rosendal Songlags Hilda Bohlin og Lina Storegjerde tek seg av dei sju lesingane..Mot slutten av verket kjem messosopranen Brit Samland inn og syng ei voggeviser som solist.

Men før verket blir framført kjem det ein halvtime med anna "stoff". Maria gler seg til dømes til å syngja tre sengar av John Duarte saman med ein stadig meir lovande uskedaling som spelar klassisk gitar: Gjermund Fredheim. Han skal sjølv sagt også spela solo.

Det blir også fløytesolo og fløyteduettar i denne halvtimen.

Av Ola Matti Mathisen



Dei to kora har fellesøving i Bringedalsbygda skule. (Foto: Ola Matti Mathisen)